

SMÅKRAFTFORUM VEST

V/Dag Arne Veiteberg

6843 SKEI

22. januar 2005

Olje og Energidepartementet,
Energi- og vassdragsavdelingen
Postboks 8148 Dep

0033 OSLO

HØYRINGSUTTALE - LOVUTKAST OM PLIKTIGE ELSERTIFIKAT

Småkraftforum Vest er ein samanslutning av eit 30-tals mini- og småkraftverk i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland. Småkraftforum Vest skal fungerer som eit diskusjons- og samarbeidsforum med drøfting og løysing av felles problem som mål. Vi tillet oss med dette å komme med høyringsuttale.

Innleiing:

Lovutkastet reiser mange uavklarte spørsmål, desse har vi latt ligge. Vi har i staden konsentrert oss om dei forslaga som direkte vedkjem oss som eksisterande kraftleverandørar. Desse finn vi først og fremst i punkt 3 i høyringsutkastet.

Lovforslaget tek sikte på å stimulere til auka investering i fornybar energi. Vi kjenner til at det eksisterte ei støtte til nyetablering og opprustning av småkraftverk til fram til på midten av 90 - talet. Deltakarane i vår gruppe har ikkje opplevd slik stimulering frå statleg hald.

Gruppa stiller seg difor positiv til alle tiltak som kan stimulere til utbygging av uutnyttede naturressursar. Ei småskala utbygging av vasskraft har ein tosidig verknad. Det vil føre til styrking av næringsgrunnlaget for den enkelte grunneigar som i neste omgang sikrar busetnaden. Samtidig vil det vere ein gunstig miljømessig energivekst for storsamfunnet basert på fornybar energi.

Kven bør ha rett til elsertifikat:

Dersom ein innfører ordninga, er vi samde i at den bør vere teknologinøytral. Det motsette kan føre til stans i forskning og utvikling av lønsam teknologi innanfor andre fornybare energikjelder.

Vi vil ta opp 2 forhold.

1. *Eit øvre tak når det gjeld storleik på anlegg.*

Vi er også samde i eit viktig omsyn i lovutkastet – ein optimal utnytting av verdfulle naturressursar. Det siste har i lovutkastet fått som konsekvens at det ikkje er sett tak på storleiken på anlegg som skal kunne inngå i ordninga. Her stiller vi oss undrande dersom omsynet til småskala utbygging er ein viktig faktor i lovforslaget.

I hovudsak er de to typar aktørar i utbygging av vasskraft i Norge.

- Det er lokale grunneigarar som utnyttar eit fall til å bygge kraftverk. Felles for desse er at dei toler ikkje eit investeringsnivå og dermed risiko, som er større enn at dei kan handterast på eit lokalt plan. Samtidig representerer desse prosjekta små miljømessige inngrep. Det siste har så langt vore eit overordna omsyn hos fylkesmennene sine miljøavdelingar.
- Etablerte og profesjonelle utbyggerar som har sikra seg fallrettar og har planar om å utnytte desse. Dette er finansielt tunge aktørar med stor eigenkapital og kompetanse som dermed kan ta på seg store investeringar og har følgeleg høgare terskel for risiko. Som regel representerer desse dei mest omtvista utbyggingsprosjekta – i miljømessig samanheng.

Vi kan ikkje sjå at det er noko påtrengande behov for at desse sist nemnde aktørane skal stimulerast med statlege tiltak. Vi synest heller ikkje at det rimar med uttalte framtidsperspektiv for store utbyggingsprosjekt.

Vårt syn er at det må vere eit øvre tak for å komme inn under ordninga. Når det gjeld høgda på dette taket, vil det nok vere ulike meiningar. Vi trur likevel at dette taket bør setjast så pass høgt som 5 MW, nett fordi ein ikkje skal stimulere til dårleg utnytting av naturressursar. Anlegg utover dette kjem i ein klasse der dei profesjonelle utbyggerane tek over. Ei 5 MW grense fell også saman med grensene for grunnrenteskatt, naturessursskatt, og ei praktisk grense ved ca. 5 MW, grunna overgang til høgspenning i kraftstasjonen. Dette siste betyr at drifting av stasjonen må utførast av spesialopplært personell, m.a.o. energiselskapa. Eit anna tihøve som talar for ei 5 MW grense, er volumet i eit sertifikatmarked. Skal utbyggingar som Øvre Otta, Kjøsnesfjorden, og Sauda, som uansett vert bygde, komme med i ordninga betyr det etter vår meining eit stort prispress på sertifikatene. Dermed vert ekstraintektene frå ordninga små og stimuleringseffekten liten.

Vi trur ikkje at ei øvre grense på td 5 MW kan føre til ei "kreativ" tilpassing av anlegga. Investerings- og kostnadseffekten i den totale lønsemda for eit kraftverk er stor. Vi skal ikkje vente låg rente i all framtid. Inntektene er også sjølvstekt viktige, men ein sertifikatmarknad der tilbud og etterspurnad skal vere det berande element, kan neppe vege opp for investeringar på slump. Framleis vil nøyaktige og kostnadseffektive løysingar vere avgjerande.

2. Anlegg med byggestart før 1.1.04

I lovforslaget bygger OED på same tankegang som NVE har gjort i si utgreiing. Vi er som venta svært usamde her. Vi ser klart at å inkludere også eldre kraftverk i sertifikatordninga, ikkje gir ein einaste ny Kwt. Men OED ser då på stimuleringseffekten etter kikhols-prinsippet. Dei prinsipielle sider av ei utestenging av "eldre" anlegg ser vi ikkje omtalt. Dei negative signala som OED dermed sender til pionerane i kraftbransjen, verkar for oss svært urettvise og ikkje lite provoserande. Vi vil peike på tre forhold.

- *Utviklinga av elvekraft-teknologi.*
Teknologien for småskala utbygging, slik vi kjenner den i dag, er forholdsvis ung. Vi veit at det har føregått kraftproduksjon basert på elvevatn langt tilbake.

I tida etter at den nye energilova kom, vart det ein gryande interesse for bygging av små elvekraftverk. Det var først og fremst framsynte bønder som ønskte å styrke inntektsgrunnlaget på bruka sine som gjennomførte slik utbygging.

På leverandørsida vart det i takt med etterspurnaden utvikla ein kompetanse, ikkje berre på styringssystem, turbin- og aggregat teknologi, men også på forståing av hydrologiske fakta. Leverandørane fekk røynsle med dam- og inntakskonstruksjonar i elvar og legging av rørgater. Som kjent må slik røynsle komme gjennom praktisk prøving og feiling.

Deltakarane i Småkraft-forum Vest har alle vore med på dette. Som følgje av det, kan bransjen - konsulentar og produsentar - i dag tilby eit produkt som er vesentleg betre enn det var for berre få år sidan. Følgjene av det er at bransjen i dag kan gå til utlandet og tilby norsk småkraftteknologi. Utan vår innsats hadde dette vore umogeleg. Vi har altså gjennom vår deltaking i teknologiutviklinga vore med på ei vesentleg verdioverføring til nye anlegg og storsamfunnet. Slik forslaget føreligg, ville det for oss ha lønt seg å sitte på gjerdet og dingle med beina i staden for å ta økonomisk risiko og bygge ut.

- *Ein el- marknad med eit A-lag og eit B-lag.*

Det er feil å tru at utbygging av småkraftverk før 1.1.04 har skjedd i ei prioritert rekkefølge etter lønsemd.

Forslaget vil føre til at vi i framtida får aktørar i same marknaden med eit ulikt inntektsgrunnlag, men med omlag lik investeringsmessig, finansiell og kostnadsmessig bakgrunn. Dei profesjonelle aktørane ser vi her bort frå.

Anlegg før 1.1.04 har alt tilpassa seg eksisterande rammevilkår med den risiko det inneber. Dette er eit argument som er brukt i lovutkastet, dette er sikkert rett. Men vi går då ut frå at lovforslaget, verken direkte eller indirekte, tek sikte på å endre desse rammevilkåra i negativ retning. Dette er ein urealistisk tanke. Det vert umogeleg, gjennom ordningar og offentlege pålegg, å regulere denne marknaden slik at dei som i utgangspunktet står utanfor ordninga, ikkje vert skadelidande.

Nett-eigarane sine tariffar for innmating på nettet varierer frå område til område. Medan linjeforholda i nokre område fører til krav på fleire øre per Kwt i overføringskostnader, kjem andre positivt ut.

Ny produksjon med innmating på same linjenett vil normalt føre til auka overføringskostnader: Dette er kostnader som nett-eigar vil ha dekkja. Ein ny produsent vil ta omsyn til dette under planlegginga. Men med inntekter frå sal av elsertifikat, i tillegg til kraftpris, vil han kunne tilpasse seg slike auka overføringskostnader. Produsenten som sit utanfor ordninga vil også måtte tilpasse seg dette, men dei har ikkje same inntektsgrunnlaget og vil bli påført tap.

Dette viser at ei stimulering-/støtteordning som ikkje er behovsprøvd, og som gjennom marknadsmekanismer tek sikte på å gje nokre av aktørane fordelar, lett kan slå skeivt ut. Dette forholdet uroar oss mykje.

"Dei grønne sertifikata"

Sal av miljøvennleg kraft til sluttbrukarar med ein høgare pris er ikkje nytt. Fleire av deltakarane i Småkraftforum Vest har delteke i ei slik ordning. Mange har også hatt store kontroll- og godkjenningssutlegg på anlegga sine for å kunne levere slik kraft. Frå fleire hald vart det i si tid hevda at dette var ordningar som hadde framtida for seg. Mange vart såleis stilt i utsikt ekstra inntekt på slik kraft og rekna med at ordninga skulle fortsette. Dette har ikkje skjedd.

Desse forholda talar for at også eldre anlegg bør komme med i ordninga.

Oppsummering:

Vi har argumentert for, og vil konkludere med følgende:

- Ordninga med pliktige elsertifikat bør først og fremst gjelde kraftverk under 5MW.
- OED bør utgreie ordningar slik at også småskala utbygging av vasskraft før 1.1.04 vert inkludert.
- Endring i rammevilkår for innmating på linjenettet, for eksisterande produksjon.

Til dei andre punkta i lovutkastet har vi ikkje kommentar. Vi legg likevel merke til at punkt 9.2. omhandlar konsekvensar for private rettssubjekt som vert påverka av lovforslaget. Vi kan ikkje sjå at konsekvensar for eksisterande kraftprodusentar er kommentert.

Med helsing

For Småkraftforum Vest



.....
Dag Arne Veiteberg